



Visst nyttar det!

MEDARBEIDARANE VÅRE

Prosjektet har to Kamerunesiske medarbeidarar på heiltid. Den som er prosjektansvarleg heiter Iya Paul. Han er agroteknikar og har arbeidd med landsbyutvikling sidan 1995. Asta Pauline er vår kvinnelege medarbeidar. Ho har arbeidd med kvinneretta bistand sidan 1995. Begge nyter stor tillit både hjå befolkninga og dei lokale og regionale styresmakter. Dei gjer ein god jobb, og oppnår gode resultat.

VÅRT BIDRAG

U-landsutvalet støttar prosjektet økonomisk. Vi har som mål å samla inn om lag kr 300 000,- årleg. Midlane kjem i hovudsak inn via:

- Hausttakkegudstenestene som bygdekvinnelaga er med å arrangerer
- Haustfestane til 4H klubbane i Rogaland
- Personleg givarteneste og gavekort
- Frå bonde og bygdekvinnelag

U-landsutvalet ønskjer fleire gode samarbeidspartnarar, både blant medlemsorganisasjonane i Samarbeidsrådet, men og frå lokale bedrifter, slik at fleire tiltak kan setjast i verk i Sambolabo.

Alle innsamla midlar går til prosjektet i Kamerun. Kontorhald og administrasjon i Norge vert dekkja av Samarbeidsrådet for landbruksorganisasjonane i Rogaland.

Ta kontakt med sekretariatet i Samarbeidsrådet for tips eller hjelp til innslag på møte og liknande.

Økonomisk støtte til prosjektet kan sendast til konto 3201 54 45636
Adressa er: Postboks 278 Sentrum, 4002 Stavanger. Tlf 51 88 72 70

Rogalendingar støtter lokal utvikling i Kamerun



FAKTA/HISTORIKK

Tidlegare biskop Bjørn Bue drog i gang "Rogalandsgarden" i Kamerun i 1962 då den fyrste traktoren frå Rogaland Bondelag kom. Seinare utvikla "Maskinstasjonen" seg til eit jordbruks-senter med rettleiing og skoledrift. I starten vart hjelpa frå Rogaland sine bonde- og bondekvinnelag kanalisert via misjonærar frå Rogaland til senteret på Meng og seinare Mbe. Midt på 80-talet vart arbeidet reorganisert ved at Samarbeidsrådet for landbruksorganisasjonane i Rogaland oppnemnde eit U-landsutval som har samarbeidd med og kanalisert hjelpa via utviklingsavdelinga i den lokale kyrkja i Kamerun.

I dag er desse med i U-landsutvalet: Rogaland Bondelag, Rogaland Bygdekvinnelag, 4H Rogaland og Samarbeidsrådet for landbruksorganisasjonane som også er sekretariat.

Område som U-landsutvalet har hatt sitt virke i:

- Meng frå 1962 – 1985
- Mbe frå 1968 – 1983
- Gadjwan frå 1983 – 2007
- Galim frå 1995 – 2007
- Sambolabo frå 2007 -

VISJON

- **Inspirera til bærekraftig utvikling**
Bidra til deira eigen utvikling i ein avgrensa periode i eit bestemt område.



PROSJEKTOMRÅDE

Området ligg i nordvest Kamerun ved grensa til Nigeria. Sambolabo er største landsbyen i området med vel 2000 innbyggjarar. Området ligg isolert til, om lag 70 km til næraste by som heiter Banyo. Prosjektet har sitt arbeidsområde i ein radius på vel 30 km rundt Sambolabo. I dette området er det 26 landsbyar med om lag 17.000 innbyggjarar fordelt på eit område på vel 3.000 km². Til samanlikning er den største kommunen i Rogaland, Suldal kommune, om lag 1.500 km². I regntida er området tidvis isolert grunna elvar som er umoglege å kryssa med bil. Då er det bare hest som kan nyttast i dei mest avsidesliggende områda. Det er avdekka eit behov for 45 bruer i heile området.

Det er mange etniske folkegrupper i området. Islam har stor innverknad og dominerer. Landskapet er savanneprega og kupert, og det vert arbeida mykje med kveg og jordbruk. I tørketida er det mykje handel med Nigeria. Analfabetismen er på over 90%. Men det er verd å merka seg at mange skriv og les arabisk som dei lærer på koranskulane.



AKTIVITETAR I PROSJEKTET

Prosjektet er brukarstyrt, dvs at det er målgruppa sjølv som er med på og set dagsorden og prioriterer tiltak. Her er nokre av aktivitetane:

- Haldningsskapande arbeid og danning av grupper - spesielt blant kvinner og ungdom - med vekt på motivering, organisering og mobilisering av lokale ressursar.
- Ulike former for spare- og låneforeningar. Viktig å skaffa kapital til ulike investeringsprosjekt som medlemmane i spare og låneforeningane har.
- Kvinnearbeid - faste møter kvar veke der det vert drøfta det som dei er opptekne av. Settja i gang aktivitetar som gir inntekt, som farging av tøy, produsera såpe og kremar, sying og brodering m.m.
- Bygging av brønnar og bruer. Mobilisering og organisering av fleire landsbyar for å få dette til. Lokale brønn- og brukomitear tar ansvar for gjennomføringa og vedlikehaldet etterpå.
- Innkjøpssamvirke. Jobber spesielt med såfrø, reiskap og utstyr til bøndene.
- Under planlegging
 - Bygging av samfunnshus og arbeidsstove til kvinnegrupper i Sambolabo.
 - Tilføra lånekapital til spareforeningar som fungerer godt.
 - Introduksjon av oksepløying.
 - Oppstart av kornmøller